



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppe

VURDERINGSRAPPORT

VANGEN SKULE



Vurderingstema:
Organisering av undervisninga slik at alle elevar får best moglege læringsutbyte

24. – 27. oktober 2011

Vangen skule
rektor: Knut Farestveit
Adresse: Gymnasvegen 6, 5700 VOSS
e-post: vangen.skule@voss.kommune.no



Innholdsliste:

1. Eit framtidretta vedtak i Hardanger/Voss regionen!
2. Fakta om skulen/vurderingstema
3. Vurdering
4. Glansbilde
5. Sterke sider
6. Utviklingsområde
7. Vidare arbeid

Vedlegg:

1. Deltakarar i vurderinga
2. Tidsplan
3. Metodar
4. Tomme malar som har vorte brukt i vurderinga



1 - Eit framtidretta vedtak i Hardanger/Voss regionen!

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt: "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet. Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering.

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss vedtok difor i år 2000 å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Dette har i ettertid synt seg å vera eit svært så framtidretta vedtak. Det vart utarbeidd ein modell for ekstern vurdering i regionen, og denne modellen har synt seg svært levedyktig og har spreidd seg til over 100 kommunar rundt om i heile landet.

Etter at me starta med ekstern vurdering for å betra kvaliteten i skulen, har det kome fleire meldingar frå sentrale styresmakter som understrekar kor viktig det er å ha system som etterspør og sikrar kvalitet i opplæringa, mellom anna i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Vidare kom St.meld. nr. 30. (2003-2004) "Kultur for læring", som var forløparen til ny læreplan, "Kunnskapsløftet" (2006).

Det synte seg då at Hardanger/Voss modellen var kjend heilt inn i Utdanningsdirektoratet, dei ville nytta vurderingsmodellen vår på skular rundt om i landet. Fleire av vurderarane i regionen har vore med i dette arbeidet, og vurdert store og små skular rundt om i heile landet, også vidaregåande skular.

Barnehagane i regionen vert også vurdert etter same modellen, der er det førskulelærarar som er vurderarar. Fleire regionar/kommunar ønskjer no opplæring i barnehagemodellen, noko Utdanningsdirektoratet støttar økonomisk.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd



Kven er vurderar?

12/14 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdera dei 38 grunnskulane i regionen i løpet av 3 år, dvs. 12 skular pr år. To frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen.
- Vurderarane nyttar verktøy utvikla av Utdanningsdirektoratet, "Ståstedsanalysen" og "Elevundersøkelsen".
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av glansbilde, det vil sei kriterium på kvalitet og teikn på god praksis, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

På bakgrunn av dokumentanalyse, intervju med elevar og lærarar, møte med foreldre og observasjon på skulen skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utviklingsområde skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men er eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med og utvikla til det betre på skulen

Det har synt seg at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta i den eksterne vurderingsprosessen, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.

Skulevurdering





2 - Fakta om skulen og val av vurderingstema

I 1828 vart Vangen skule den første faste skulen på Voss. Noverande skulebygning vart tatt i bruk i 1970 og plassert på Tunshovden midt i kommunesenteret på Voss.

Skulen er ein barneskule med 217 elevar. Det er to parallellar på alle steg utanom på 2., 4. og 5. årssteg. Om lag 70 born går i SFO.

Skulen har rektor, inspektør, kontormedarbeidar (40% stilling), 21 lærarar, SFO-leiar, 7 fagarbeidarar/assistentar og 3 reinhaldarar.

Det er ca 20 årsverk i leining og undervisning, 0.4 for kontor og 0.6 for fagarbeidar/assistent.

Skulen sin visjon:

Trivsel, tryggleik og læring i eit kreativt miljø.

Vangen skule sine hovudsatsingsområde 2011/2012:

- Redusera omfanget av spesialundervisning
- Sjå på innhaldet i spesialundervisninga og tilrettelagd undervisning
- Bli best mogeleg på It's learning og Smartboard
- Innføring av antimobbeprogrammet Zero

Vurderingstema:

To av hovudsatsingsområda til Vangen skule dette skuleåret er *reduksjon i omfanget av spesialundervisning og innhaldet i spesialundervisning og tilrettelagd undervisning*.

Skulen har sett i gang eit arbeid som omhandlar innhald og organisering av spesialundervisninga ved Vangen skule. Dei ynskjer å sjå heilskapeleg på opplæringa og det faglege utbytet til elevane.

Vangen skule tar utgangspunkt i ny forskning kring elevane sitt læringsutbyte (Hattie, J. (2009): Visible learning). Undersøkinga byggjer på og summerar 800 metaanalysar basert på 52 000 studiar med 83 millionar elevar.

Resultata viser at tiltak som t.d. nivåddifferensiering, individualisert undervisning og redusert klassestorleik har liten effekt. Tiltak som formativ vurdering, konstruktive tilbakemeldingar, klasseleining, relasjonar og standard i undervisning har stor effekt.

Høgskulen i Hedmark og NIFU-Step har gjort ei evaluering av spesialundervisning i Kunnskapsløftet. Undersøkinga viser at det er stor bruk av assistentar og timar som ikkje vert gjennomførte. Vidare finn dei ei auking i segregering og omfang av spesialundervisning. Det er lite systematiske vurderingar av elevane sitt læringsutbyte av spesialundervisninga.



Prosedyrar vert rigide og ein finn spesialundervisning utan forklaringsbidrag til læringsutbyte.


Ei undersøking i Danmark har vist positiv effekt av tidleg innsats; inkluderande og differensiert undervisning; kontinuerlege vurderingar med korrigering av undervisning; fleksible og individuelle strategiar knytt til den einskilde eleven sitt behov.

Vangen skule ynskjer å leggja denne forskingsbaserte kunnskapen til grunn når dei skal arbeida med omfang og innhald i spesialundervisning. Dei vil at flest mogeleg skal få den undervisninga dei treng utan at det vert gjort einskildvedtak. Vidare er det viktig at organiseringa er fleksibel.

Med bakgrunn i dette ynskjer skulen å verta vurderte på temaet:

Organisering av undervisninga slik at alle elevar får best mogeleg læringsutbyte.

3 – Vurdering



4 - Glansbilde

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine eigne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram. Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.



Kriterium	Teikn på god praksis
Skulen er ein lærande organisasjon	<ol style="list-style-type: none">1. Kartleggingsprøvar og nasjonale prøvar vert drøfta og får konsekvensar for vidare arbeid. Skulen har plan for kartlegging.2. Skulen har system for dokumentasjon av elevane sin faglege ståstad.3. Personalet har ei felles forståing av opplæringa av elevar særskilde behov4. Opplæring og utprøving av ulike metodar for differensiering/organisering vert gjennomførte, og røynsler delte i organisasjonen.5. Skulen har fysiske tilhøve for organisering av varierte arbeidsmåtar.
Personalet er fleksible når det gjeld utnytting av ressursane og organisering i høve til elevar med lærings-/åttferdsvanskar.	<ol style="list-style-type: none">1. PPT deltek regelmessig i møta til spes.ped.-gruppa på skulen.2. Skulen har gode rutinar for fordeling av gruppedelings-/styrkingsressursen.3. Gruppedelings-/styrkingsressursen kjem elevar med lærevanskar til gode.4. Skulen vurderer jamleg kvaliteten på undervisninga for elevar med særskilde behov.5. Spesialundervisninga er i hovudsak organisert i grupper eller i klassen med tolærar.6. Ekstern kompetanse er nyttig for skulen, og skulen er tydeleg i tinging av ekstern kompetanse.7. Skulen har klare rutinar for tilmelding til spes.ped.-gruppa. Spes.ped-gruppa har gode rutinar for rettleiing til personalet og for å hjelpe til med tilmelding til PPT.
Elevane får tilpassa opplæring i ordinær undervisning.	<ol style="list-style-type: none">1. Elevane får differensierte arbeidsoppgåver, jfr. vekeplanar/arbeidsplanar.2. Det er fleksibilitet i organiseringa av klassane.3. Lærarane varierer arbeidsmåtane.4. Elevane kjenner og har fokus på læringsmåla.
Skulen og heimen samarbeider om elevane si læring	<ol style="list-style-type: none">1. Skulen tar innspel frå heimen på alvor.2. Føresette får orientering om korleis barna vert vurdert fagleg og sosialt.3. Læringsmål og vurderingskriterium for dei ulike faga er tilgjengelege for føresette.4. Dei føresette støttar skulen i læringsarbeidet.



5 - Skulen sine sterke sider innan vurderingsområdet

Kriterium: Skulen er ein lærande organisasjon

- *Skulen har plan for kartlegging.*
- *Kartleggingsprøvar og nasjonale prøvar vert drøfta og får konsekvensar for vidare arbeid.*
- *Skulen har system for dokumentasjon av elevane sin faglege ståstad.*

Vangen skule har ein kartleggingsplan for 1. til 7. trinn. Planen inneheld kartleggingar i teikneiaktaking, grovmotorisk dugleik, lesing, diktat, matematikk og elevmiljø. For kvart årstrinn er det sett opp kva kartleggingar dei skal ha haust og vår. Kartleggingsplanen er tilgjengeleg for lærarane på It's learning.

Resultat av kartleggingane vert lagt i elevmappa i arkivet og kopi vert levert til inspektør. Resultata vert drøfta med inspektør.

Lærarane drøftar og gjerne resultata med kollegaer som arbeider på same trinn. Kartleggingsresultata er tema i samtalar med føresette.

Dersom elevar skårar under bekymringsgrense, sender kontaktlærer bekymringsmelding til spes.ped.-teamet i eit standardisert skjema. Saman med skjemaet ligg kartlegginga og andre resultat.

I dei fleste bekymringssakene spes.ped.-teamet får, er føresette informert på førehand, slik at saka ikkje vert drøfta anonymt. I dei fleste slike saker er kontaktlærer med i spes.ped.-møtet saman med PPT og drøftar eventuell vidare testing og tiltak. Skulen gjennomfører ein del av desse testane, men det er PPT som tolkar resultata.

Spes.ped.-teamet laga i vinter ei skjematisk oversikt over kva dei ulike partane skal gjera når det er mistanke om at ein elev har vanskar. Som dokumentasjon i arbeidet, laga spes.ped.-teamet i haust eit skjema for oppfølging av elevar som dei får bekymringsmelding på.

- *Opplæring og utprøving av ulike metodar for differensiering/organisering vert gjennomførte, og røynsler delte i organisasjonen.*

Det varierer kva den einskilde lærar har fått av opplæring når det gjeld metodar for differensiering og organisering. Me fekk høyra om opplæring i stasjonsundervisning, læringsstrategiar, læringsstilar, gruppearbeid, arbeidsplanar med ulike nivå og veileda lesing.

Erfaringar vert først og fremst delte på teamet og mellom dei som arbeider med parallelle klassar. Noko vert delt gjennom kommunalt nettverksarbeid og i PU-tid.



Kriterium: Personalet er fleksible når det gjeld utnytting av ressursane og organisering i høve til elevar med lærings-/åtfersvanskar.

- *PPT deltek regelmessig i møta til spes.ped.-gruppa på skulen.*
- *Ekstern kompetanse er nyttig for skulen, og skulen er tydeleg i tinging av ekstern kompetanse.*
- *Skulen har klare rutinar for tilmelding til spes.ped.-gruppa. Spes.ped-gruppa har gode rutinar for rettleiing til personalet og for å hjelpa til med tilmelding til PPT.*

På skulen er det eit spes.ped team der både inspektør og lærar har spesialpedagogisk utdanning. Dei har jamlege møte. PPT-kontakt er med kvar tredje veke der det vert drøfta tilrettelegging og utvikling til den eiskild elev. Skulen har god kontakt med PPT og terskelen for tilmelding til PPT er låg. Å ha ei bestilling av ekstern kompetanse der ein er tydeleg på kva ein ynskjer, var godt kjent blant dei tilsette. Når me intervjuar lærarane gav dei uttrykk for at den sakkunnige vurderinga som vart gjeven av den spesialpedagogiske tenesta var både grundig og målretta. Det vert gjennomført samarbeidsmøter der den sakkunnige vurderinga vert gjennomgått med føresette, spes.ped. lærar og andre involverte. Dei tilsette var nøgde med det samarbeidet dei hadde med PPT. Kontakten frå PPT seier at det er tydeleg bestilling frå skulen, der søknader og grundig arbeid er gjort i førekant.

- *Gruppedelings-/styrkingsressursen kjem elevar med lærevanskar til gode. Spesialundervisninga er i hovudsak organisert i grupper eller i klassen med tolærar.*

For nokon av elevane foregår spesialundervisninga utanfor klasserommet, men det er lagt vekt på at når det er mogeleg og naturleg, er klassen ramma for undervisninga. Det vert lagt vekt på å tilretteleggja for eleven inne i klasserommet. PPT- kontakt fortel at nokre elevar er vorte flytta frå spesialundervisning til tilpassa opplæring. Elevane har då formelt ikkje IOP, men det er tilrådd at skulen arbeider ut frå dei tiltaka som er skissert i IOP frå sist år. Føresette vert informert og har høve til å evt. søkja elevane tilbake i systemet.

Kriterium: Elevane får tilpassa opplæring i ordinær undervisning.

- *Elevane får differensierte arbeidsoppgåver, jfr. vekeplanar/arbeidsplanar.*
- *Det er fleksibilitet i organiseringa av klassane.*
- *Lærarane varierer arbeidsmåtane.*
- *Elevane kjenner og har fokus på læringsmåla.*

Elevar og føresette seier dei er godt kjende med vekeplanar og læringsmål. Fredagstestane er med på å gjere elevane medvitne på læringsmåla og kva dei skal lære. Vekeplanane har læringsmål, og såleis har foreldra høve til å



gjere seg kjend med desse. Mange elevar fortel at foreldra spør kva dei har lært på skulen i dag og går gjennom læringsmåla saman med eleven. Det er tydleg at fokus på mål gjer at foreldra vert bevisste på kva elevane skal læra.

Vurderarane såg gode døme på presise og målbare mål.

I samtale med lærarane kjem det fram at somme gjennomgår læringsmåla på nytt. På den måten sikrar dei at elevane veit kva dei skal vurderast i. Elevane fortel om varierte arbeidsoppgåver og arbeidsmåtar. Dei fortel også om variasjon i organiseringa, og at dei får oppgåver som har ulik vanskegrad. Dei uttrykkjer at nokon får meir tilpassa undervisningsopplegg enn andre.

Ved observasjon i klassane såg me at det vart nytta ulike arbeidsmåtar. Lærarar og assistentar sa at det vart nytta ulike læringsstrategiar. Noko elevane støtta opp om. Elevane kunne namna på mange ulike læringsstrategiar.

Praksisen rundt elevar som treng ekstra tilrettelegging er god på skulen. Me opplevde reflekterte og målretta lærarar på dette området. Dei var opptatt av eleven sitt faglege utbytte.

Kriterium: Skulen og heimen samarbeider om elevane si læring

- *Føresette får orientering om korleis barna vert vurdert fagleg og sosialt.*
- *Læringsmål for dei ulike faga er tilgjengelege for føresette.*
- *Dei føresette støttar skulen i læringsarbeidet.*

Dei føresette opplever at dei får god orientering om korleis barna vert vurderte på konferansetimar.

Det står læringsmål på alle vekeplanar.

Oppfølging av lekser vil variera mellom ulike heimar, men dette er eit område dei føresette opplever at dei kan engasjera seg i. Dei føresette uttrykte at det er viktig at dei støttar skulen i at borna skal gjera sitt beste – ikkje evt. ta enklaste utveg.

I møtet vurderarane hadde med dei føresette kom det fram at dei fekk nyttig informasjon frå lærarane om korleis dei kunne følgja opp borna på foreldremøta. Dei synest difor det er viktig at desse vert gjennomført så tidleg som mogeleg på hausten – i alle fall før haustferien.

Nokre føresette visste om hefte som er laga for føresette innan vurdering, leksehjelp o.l. Det var fleire som var interesserte i å få vita meir om kva for litteratur som kan vera aktuell for føresette. Kanskje FAU saman med Voss kommune kan leggja ut slik informasjon på heimesida til kommunen?

6 - Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

Kriterium: Skulen er ein lærande organisasjon.



- *Personalet har ei felles forståing av opplæringa av elevar særskilde behov.*

I kapittel 2 er det beskrive kva skulen legg til grunn for val av vurderingstema. Vangen skule ynskjer med bakgrunn i forskingsbasert kunnskap å arbeida med å få *redusert omfanget av spesialundervisning og innhaldet i spesialundervisninga og den tilrettelagde undervisninga*. Skulen har sett i gang eit arbeid som omhandlar innhald og organisering av spesialundervisninga. Dei ynskjer å sjå heilskapeleg på opplæringa og det faglege utbytet til elevane.

Sitat frå "Veiledning til spesialundervisning" om forholdet mellom tilpassa undervisning og spesialundervisning:

I fylgje formålsparagrafen i opplæringsloven skal alle elevar få ei opplæring som er tilpassa den enkelte elev sine evner og forutsetningar. Dette betyr at blant anna at innanfor ramma av ordinære ressursar som er stilt til disposisjon, og som kan variera – har alle i rimeleg grad krav på merksemd ut frå den enkelte sine behov (ordinær tilpassa opplæring).

Også spesialundervisning er ei form for tilpassa opplæring, men ikkje all tilpassa opplæring er spesialundervisning. Spesialundervisning inneber at det på bakgrunn av enkeltvedtak vert sett i gang særskilte tiltak for ein som ikkje får tilfredsstillande utbytte av opplæringa, tiltak som berre nokon har krav på. Kva dei særskilte tiltaka vil gå ut på kjem an på situasjonen.

Då me hadde samtalar med dei tilsette, kom det fram at dei fleste hadde ei forståing av korleis administrasjonen tenkjer når det gjeld organisering av spesialundervisninga på skulen.

Dei fleste opplever at det er ulik oppfatting i personalet om korleis opplæringa for elevar med særskilde behov skal vera – spesielt spørsmålet om i kva grad ein elev med særskilde behov skal vera inne eller ute av klasserommet.

Fleire lærarar fortalde om samarbeid i høve organisering og felles syn på bruk av ressursar på trinnet. Me fekk høyra døme på at organisering der elevar som tidlegare hadde einskildvedtak no får tilfredsstillande opplæring i klasse/gruppe og at lærar hadde positive erfaringar med dette.

Det er viktig at skulen får formulert kvifor og korleis dei vil redusera omfanget av spesialundervisninga. Då er det lettare for dei ulike partane å forholde seg til kva som ligg i måla og tiltaka. Ikkje minst er det lettare å kommunisera til dei føresette kva som er målet til skulen.

Forskning viser at det er vanskeleg å måla resultat av læring for elevar med spesialundervisning. Difor må skulen jamleg vurdera innhald og utbyte av denne undervisninga – spesielt no i omleggingsfasen.

Ein bør vurdera opplæringa, utviklinga, evt. justera mål og skissera vidare arbeid.

I omlegginga av spesialundervisninga får ein elevar som ligg i gråsona mellom tilpassa opplæring og spesialundervisning. Skulen har i haust laga eit skjema (Individuell tilpassa plan) som skal vera eit hjelpemiddel i arbeidet med desse elevane. I dette arbeidet kjem det fram at det kan vera teneleg å



ha eit omgrep som omhandlar desse tiltaka. Vurderarane ser at dette kan vera oppklarande.

- *Skulen har fysiske tilhøve for organisering av varierte arbeidsmåtar.*

I intervjuja kjem det fram at dei tilsette meiner at tilhøva er elendige ut frå dei behova skulen har.

Undervisninga legg opp til ei organisering som krev deling og grupperom. Skulen har ein del grupperom, men fleire av desse er opptatt av elevar med særskilde behov.

Romsituasjonen når det gjeld tal rom, har betra seg noko dette skuleåret. Likevel er det nokre av desse romma som ikkje eignar seg så godt til undervisning. Nokre rom ligg så langt frå basen til gruppa, at dei ikkje er aktuelle i t.d. stasjonsundervisning.

Skulen må finna eit system eller ein plan for fordeling av grupperom. Dette bør vera eit fleksibelt system – kanskje ein plan for periodar. Det er viktig at det ikkje vert eit system der det er prinsippet om "først til mølla" som gjeld.

Kriterium: Personalet er fleksible når det gjeld utnytting av ressursane og organisering i høve til elevar med lærings-/åtferdsvanskar.

- *Skulen har gode rutinar for fordeling av gruppedelings-/styrkingsressursen.*
- *Gruppedelings-/styrkingsressursen kjem elevar med lærevanskar til gode.*

Observasjonen vår i klassane viste mykje god undervisning der dei fleste elevane var inkludert i klassefelleskapet, gjerne med ein lærar/assistent tilstades som rettleiar. Gjennom samtalar med assistentane kom det fram at dette ofte er tilfellet, men og at elevar vert tekne ut til eineundervisning.

"Prinsipp for opplæringa i Kunnskapsløftet" seier det slik:

"Tilpassa opplæring for kvar einskild elev er kjenneteikna ved variasjon i bruk av lærestoff, arbeidsmåtar og læremiddel og variasjon i organisering av og intensitet i opplæringa." (jfr. Prinsipp for opplæringa i Kunnskapsløftet)

Det er i stor grad organiseringa av undervisninga ein her snakkar om. Leiinga seier at kvar enkelt pedagog må vurdere sin eigen praksis og sjå den i lys av behovet til den einskilde elev. Dei tilsette og leiinga arbeider mot reduksjon av tal einetimar når det gjeld spesialundervisning. Dette er i samsvar med kva som står i 2.2.8 Organisering av spesialundervisning, Opplæringslova § 8-2 første ledd som fastset:

Elevane kan delast i grupper etter behov. Gruppene må ikkje vera større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg. Organiseringa skal vareta elevane sitt behov for sosialt tilhør.



Skulen må vidareutvikla rutineane for fordeling av ressursar. Dette bør og ha med ei rutine for når og korleis kontaktlærar kan melda behov til administrasjonen.

- *Skulen vurderer jamleg kvaliteten på undervisninga for elevar med særskilde behov.*

Sitat frå "Veiledning i spesialpedagogikk" s.31

*5.1.2 Vurdering av hva som vil være tilfredsstillende utbytte av opplæringen, og om denne eleven får et tilfredsstillende utbytte av opplæringen
Når det er kartlagt hva den ordinære opplæringen består av, må det vurderes om dette tilbudet gir denne eleven et tilfredsstillende utbytte.
Sentralt i denne vurderingen er spørsmålet om den individuelle utviklingen og mestringen til eleven er så liten at særskilte tiltak bør settes i verk. Det må også vurderes om eleven kan få et tilfredsstillende utbytte ved at den ordinære opplæringen endres.*

Opplæringslova føreset såleis at skulen må kartleggja og vurdere korleis den ordinære opplæringa er lagt opp, og om dette tilbudet er godt nok for læringsutbytte til eleven. Før foreldre/skulen søker om spesialundervisning må det utarbeidast ein pedagogisk rapport om tiltak som er sett i verk og vurdert innanfor den ordinære undervisninga. Evalueringa skal gje grunnlag for eventuelt å justera det vidare arbeidet, enten det gjeld innhald, arbeidsmåtar, organisering eller metodar. Som tidlegare nemnt er det viktig at skulen jamleg vurderer utbyttet av spesialundervisninga.

Kriterium: Elevane får tilpassa opplæring i ordinær undervisning.

- *Det er fleksibilitet i organiseringa av klassane.*

Gjennom observasjon såg me lærarar som var fleksible i organisering av klassane. Gjennom samtalar med lærarar og assistentar har det kome fram at det er vanskeleg å finna ledige grupperom til spesialundervisning. Og at dette kan redusera tilbudet til enkeltelevar. Her kan det vera nyttig å kikka til prosjekt/skular der dei har lykkast med å heva nivået til elevane ved organisering av undervisninga. Eit døme er "Nylundmodellen"/New Zealand modellen der det er lagt vekt på stasjonsundervisning. Klasserommet er lagt til rette for slik undervisning. Ved slik undervisning er det påvist gode resultat/læringsutbyte.

Kriterium: Skulen og heimen samarbeider om elevane si læring.

- *Skulen tar innspel frå heimen på alvor.*

Kunnskapsløftet s. 35, sitat frå Opplæringslova:



Heimen skal få informasjon om måla for opplæringa i faga, kva fagleg utvikling elevane har i forhold til måla, og korleis heimen kan medverke til å fremme måloppnåinga deira. Vidare skal heimen ha informasjon om korleis opplæringa er lagd opp, og kva arbeidsmåtar og vurderingsformer som vert brukte. Det må også leggjast til rete for at foreldre og føresette får nødvendige opplysningar for å kunne delta i reelle drøftingar om utviklinga av skulen.

(Oppl.l. § 1-2 og forskrift kap.3)

Som nemnt under kriteriet om skulen som lærande organisasjon, kan det vera lurt at skulen får formulert noko meir om kva dei legg i den nye organiseringa av spesialundervisninga.

På foreldremøtet kom det fram at nokre føresette har opplevd at det tar tid før det vert sett i verk tiltak i høve elevar med lærevanskar/dysleksi. Dei har fått informasjon om at skulen har kompetanse på huset i høve dette, men dei føler likevel at tiltak ikkje vert sett i verk før eleven har ein diagnose. Det vart og sagt at terskelen for å kopla inn fagfolk (PPT) må vera låg. Føresette hadde lese i informasjonsfaldaren til skulen at skulen har som mål "å redusera omfanget av spesialundervisninga". Dette meinte dei at kunne tolkast som nedskjering innan spesialundervisninga – og dei var redde for at elevar som treng det, ikkje får den hjelpa dei har behov for.

Når dei føresette får informasjon om heilskapen i tenkinga, kan dei vera støttespelarar i dette arbeidet.

- *Føresette får orientering om korleis barna vert vurdert fagleg og sosialt.*
- *Vurderingskriterium for dei ulike faga er tilgjengelege for føresette.*

Sjølv om dei føresette følte at dei fekk god informasjon om den faglege og sosiale vurderingane til barnet, gav dei uttrykk for at det kunne koma tydelegare fram i kva grad barnet har nådd læringsmål/kompetansemål. Ingen av dei føresette hadde sett vurderingskriterium for fag.

Det er nær samanheng mellom vurdering og læring. Forsking viser at dersom ein utviklar spesifikke og tydelege læringsmål for kva elevane skal læra og viser dei kva dei må gjera for å nå måla, lærer dei meir. Lærarar som har utarbeidd læringsmål og kjenneteikn på måloppnåing, erfarer at dette aukar elevane sitt læringsutbyte.

Dersom skulen arbeider med vurderingskriterium/kjenneteikn på måloppnåing, kan dette vera ein reiskap i vurderingsarbeidet kring alle elevar. Pedlex-heftet "Underveivurdering og kjennetegn på måloppnåelse" viser til at kjenneteikn på måloppnåing kan brukast som kartleggingsverktøy og gjer råd om korleis ein kan laga kjenneteikn.

7 - Vidare arbeid



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Voss, 27.10.2011

Evelyn Haustveit

Liv Kristoffersen



Vedlegg 1

Interne: elevar, føresette, lærarar, leiing, assistentar.
Eksterne: Evelyn Haustveit, Liv Kristoffersen og Magnus Fjereide (PPT).
Tilpassa opplæring og spesialundervisning er svært viktig for alle born si læring, difor eit så breitt spekter av informantar.

Vedlegg 2

TIDSPLAN FOR VURDERING AV VANGEN SKULE SKULE

Vurderingstema: Organisering av undervisninga slik at alle elevar får best mogeleg læringsutbyte.

Vurderingspar: Evelyn Haustveit og Liv Kristoffersen

Tid	Aktivitet	Ansvar
Juni 2011	Skulen melder inn vurderingstema.	Skulen
6/9 2011	Møte mellom vurderingsgruppa og skulen for gjensidig presentasjon og endeleg fastsetjing av vurderingsområde.	Vurderarane og skulen
16/9 2011	Skulen får tilsendt "Glansbilete"	Vurderarane
5/19 2011	Skulen melder endringsframlegg attende til vurderarane eller godkjenner glansbilete.	Skulen
Veke 38	Skulen får innkallingsbrev til foreldremøte og tidsplan frå vurderarane. Utarbeiding av samtaleguidar og observasjonsskjema.	Vurderarane
Veke 43	Vurderingsveka: Måndag 24/10 2011 08.30: møte med tilsette 09.30 – 13.00: Intervju med fem elevgrupper 1. og 2. trinn 3. og 4. trinn 5. trinn 6. trinn 7. trinn Samtale med rektor/leiing kvar dag Foreldremøte (klassekontaktane) kl. 19.00-20.00 Tysdag 25/10 2011 09.30 – 13.00: Observasjon i klassar 14.00 – 15.30: Intervju med tilsette Onsdag 26/10 2011 Observasjon i klassar	Skulen syter for at vurderarane har tilgang til eit fast samtalerom. Vurderarane ynskjer at skulen sjølv vel ut elevar for samtale, slik at me får gode informantar. Rektor set opp grupper med tilsette for intervju, slik at undervisninga kan gå. Vurderarane



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

	<p>Samtale med PPT-kontakt</p> <p>Samtale med assistentar</p> <p>Samtale med spes.ped. team</p> <p>Analyse og vurdering</p> <p>Vurderarane arbeider med rapport og vedleggsrapport.</p> <p>Torsdag 27/10</p> <p>14.00: Samtale med rektor</p> <p>14.45 – 15.45: Fellesmøte mellom personalet, representant for skuleeigar og vurderarane for framlegging av rapport.</p>	
Veke 44	<p>Rapporten/dokumentet vert sendt elektronisk til skulen og skuleeigar. Skulen får også alle resultat av samtalar elektronisk.</p> <p>Den offisielle delen av rapporten vert sendt til kompetanseregionen og vert etter ei stund lagt ut på den regionale heimesida.</p>	Vurderarane
Innan 24/11 2011	<p>Skulen evaluerer vurderingsveka og sender svar innan ein månad til Evelyn Haustveit.</p>	Rektor og Evelyn Haustveit



Vedlegg 3

Metodar

For å sikra god forankring og at alle røyster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, hele elevrådet osv.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:

Dokument- og resultatanalyse

Skulen sendte vurderarane diverse relevante dokument, til dømes verksemdsplan, arbeidsplanar, resultat av elevundersøkinga.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i L-06, Opplæringslova med forskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse med små endringar.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarar i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldre og pedagogar.

Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med klassekontaktane.

Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor dannar grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin nosituasjon og for vidare arbeid.

Observasjon

Me observerte i åtte grupper.